

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Komite for kultur og oppvekst	17.10.05	ASB	046/05
Kommunestyret	02.11.05	ASB	097/05

Avgjerd av: Kommunestyret	Ansv.	Arkiv: N-587.2	Arkivsaknr
Saksbeh.: Arnt S. Brakstad	JHB	Objekt:	02/1236

ADRESSEPLAN FOR MELAND KOMMUNE

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
5	I	09.04.02	Flatøy Bygdelag	ADRESSETILDELING PÅ FLATØY.
2	U	13.05.02	Flere avs/mottakere...; Nordhordland legevakt v/ Ola Jøsendal; Statens vegvesen Hordaland v/O.P.Oksum Eriksen; Lindås og Meland brannvern v/ Jens Bjordal; POSTEN NORGE BA v/ Egil Hindenes	ADRESSEPLAN FOR MELAND KOMMUNE
3	I	29.05.02	Posten Norge BA	ADRESSEPLAN FOR MELAND KOMMUNE -INGEN MERKNADER.
4	U	03.06.02	Komm.avd. for natur - næring og tekn.tenester	ADRESSEPLAN FOR MELAND KOMMUNE
7	I	09.06.02	Meland kommunestyre	STADNAMN OG ADRESSERING - DELEGERING TIL KULTURSTYRET. KS.SAK 036/88.
6	I	09.06.02	Komite for kommunalteknikk - miljø og landbruk	ADRESSEPLAN FOR MELAND KOMMUNE - KML.VEDTAK 045/02.
8	I	09.06.02		ADRESSEPLAN FOR MELAND M/KARTVEDLEGG.
9	I	03.12.02	Odd Stokke	ADRESSEPLAN FOR MELAND KOMMUNE - MERKNADER.
10	I	02.06.05	Regionrådet for Nordhordland og Gulen	NAMNSETTING AV VEGAR
14	U	21.11.05	Lindås kommune; Radøy kommune; Austrheim kommune;	MELDING OM VEDTAK ADRESSEPLAN FOR MELAND KOMMUNE

			Fedje kommune; Gulen kommune; Masfjorden kommune; Statens namnekonsulentar på Vestlandet; Modalen kommune; Prosjektleder Torbjørn Trageton	
15	I	20.12.05	Statens Kartverk Bergen	VEDR. SKRIVEMÅTEN TIL VEG- OG ADRESSENAMNFORMER I MELAND - KLAGE PÅ VEDTAK SKRIVEMÅTEN TIL VEG- OG ADRESSENAMNFORMER.
16	U	28.12.05	STATENS KARTVERK BERGEN	SKRIVEMÅTEN TIL VEG- OG ADRESSENAMNFORMER.

Vedlegg:

Saksutgreiing:

Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester har utarbeidd ein plan over nye og gamle offisielle adressevegar i Meland kommune.

Planen er utarbeidd i ein plandel, ein kartdel og ein listedel.

Plandelen viser:

- Kva er offisielle adresser?
- Har vi bruk for offisielle adresser?
- Lover og vedtak.
- Dei administrative oppgåvene.
- Dei politiske oppgåvene.

Kartdelen viser:

- E39 med adressevegar ut frå denne som eit samanhengande nett.
- Stammen til adressevegane er markert med raudt, grønt, mørkeblått og lyseblått etter kva status vegane har frå E39.
- For kvar veg er namneskilt markert i starten og i viktige vegkryss. Fargen viser kva veg skiltet høyrer til.
- Markering av tilvisingsskilt til sidevegar ut frå stammen. Vist med tal og stammens farge.
- Sidevegar til stammen er vist med tynne svarte strekar.
- Eksisterande adressevegar er vist med tynne rosa strekar.
- Namn på alle gardane i kommunen er vist med svart skrift.

Listedelen viser:

- Vegnr. og namn på adressestammens startpunkt og namn på endepunkt.
- Lengde på stammen.
- Antal namneskilt og tilvisingsskilt med og utan namn.
- Skiltkostnader og monteringskostnader. Kostnadene er per juni 2002.
- 12 punktsum plankart og lister er laga etter.

Vurdering:

Der det ikkje er offisielle adressekodar lagar store institusjonar som Televerket og Statens vegvesen sine egne kodar (også skilt). Dette kan føra til dobbel koding (skilting) og feil Etablering av tilfeldige nye adresser kan føra til dårlege adresser.

I ein del kommunar startar adresseringa frå kommunesenteret. I dette framlegget er det prøvd og ta omsyn til folk som er ukjende i kommunen, og som må bruka adresse for å finna fram til der det bur folk.

5 område innafor kommunegrensa til Meland er ikkje dekkja av denne adresseplanen, men kan takast med ved ei ajourføring.

Det er:

- Havrevågen. Tilkomst ca. 2 km sti eller sjø.
- Øpso. Tilkomst sjø.
- Skjeljevikane (Flatøy). Tilkomst ca. 600 m sti eller sjø.
- Langøya (Ådland). Tilkomst sjø.
- Ingeskjæret (Hjertås). Har for få adresser til å få status som eigen adresseveg og passar dårleg som sideveg til Orrhøyen.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner:

- Plankart over adressevegar for Meland Kommune dagsett 04.06.02.
- Lister "Forslag til nye adressevegar i Meland Kommune" dagsett 04.06.2002.

03.12.2002 KOMITE FOR KOMMUNALTEKNIKK - MILJØ OG LANDBRUK

Skriv frå Odd Stokke, KrF, vart referert og lagt ved saka.

KML-109/02 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner:

- Plankart over adressevegar for Meland Kommune dagsett 04.06.02.
- Lister "Forslag til nye adressevegar i Meland Kommune" dagsett 04.06.2002.

05.02.2003 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Odd Stokke, KrF:

"Kommunestyret går inn for at adressevegen Fløksand vert delt på indre Brakstad (ved Brakstadvatn). Vegen til Brakstad vil som i planen starta på Fløksand, og enda ved Brakstadvatnet. Vegen Tveit- Valde vil då starta på Tveit vegkryss og enda ved Brakstadvatnet.

Denne vegen vil då få status som lokal adresseveg.

Utover dette godkjenner kommunestyret:

- Plankart over adressevegar for Meland kommune dagsett 04.06.02.
- Lister "Forslag til nye adressevegar i Meland kommune" dagsett 04.06.02."

Ved avrøysting fekk framlegget frå Odd Stokke, KrF, 6 røyster for (5 KrF, 1 AP), 21 røyster mot, og fall.

Framlegget frå komite for kommunalteknikk, miljø og landbruk fekk 6 røyster mot (5 KrF, 1 AP), 21 røyster for, og er såleis vedteke.

KS-007/03 VEDTAK:

"Kommunestyret godkjenner:

- Plankart over adressevegar for Meland kommune dagsett 04.06.02.
- Lister "Forslag til nye adressevegar i Meland kommune" dagsett 04.06.02."

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA TIL KKO MØTET 17/10-05

Saksutgreiing:

Meland kommune har vore representert i ei interkommunal prosjektgruppe som har arbeidd med samordning av namn på vedtekne adresseparsellar i Nordhordland og Gulen. I følgjande avsnitt er det "saksa" frå sak 14/05 handsama i Regionrådet Nordhordland IKS:

Regionrådet Nordhordland IKS

Styremøte 30. mai 2005

SAK 14/05 ADRESSEPROSJEKTET - NAMNSETTING AV VEGANE I NORDHORDLAND OG GULEN.

SAKA GJELD

I følgje den vedtekne prosjektplanen er styret i Regionrådet Nordhordland IKS saman med ordførarane i Gulen og Modalen eit felles tilrådingsorgan (namneutval) for tildeling av nye/ending av eksisterande namn på adresseparsellar i det offisielle adressesystemet som er under etablering for området mellom Nordhordlandsbrua og Sognefjorden.

Prosjektleiinga legg ved dette fram tilråding om namneval for 392 adresseparsellar: vegar og avgrensa område som dei einskilde adressenumra skal knytast til. I samband med dette er tilrådd nokre få justeringar av vedtekne adresseplanar, framlegg om oppheving av nokre vedtekne adressenamn og tilråding om prosedyrer som skal nyttast i namnsettinga i kommunane no og i framtida.

VEDLEGG

1. *Framlegg til namn for 364 vegparsellar og 28 område (øyer og nokre hyttegrender). 30 av adresseparsellane er felles for to eller fleire kommunar. Framlegga er organisert kommunevis (trykt vedlegg)*
2. *Liste med vedtaksdato for adresseplanane for den einskilde kommune (trykt)*
3. *Reglane i nasjonale og felles kommunale forskrifter til delingslova som gjeld val og skrivemåte av adressenamn (trykt)*
4. *Kunngjering (offisiell høyring) av utkast til namning av adresseparsellane (utrykt)*

5. Nummerert liste over mottekne merknader i den offisielle høyringa. (trykt) (Dei mottekne merknader følger som utrykt vedlegg.)
6. Lov om stadnamn og forskriftene til lova (utrykt)
7. Statens namnekonsulentar for Vestlandet sine merknader til namneframlegga for den einskilde kommune (utrykt)

TIDLEGARE VEDTAK I PROSJEKTET I REGIONRÅDET

1. Sak 16/00 (Regionrådet tilrår godkjenning av Geodataplanen for Nordhordland og Gulen 2000 - 2003. Der er eit av plantiltaka at det skal etablerast offisielle adresser for alle adresseeiniane i regionen.)
2. Sak 32/00 (Regionrådet tilrår at regionen skal vera eit adresseområde.)
3. Sak 01/01 (Regionrådet tilrår at kommunane godkjenner "Plan for innføring av offisielle adresser i region Nordhordland og Gulen)
4. Sak 03/02 (Regionrådet tilrår kommunane å vedta utarbeidde felles kommunale retningsliner for adressesystemet, og godkjenner at regionrådet skal vera prosjektansvarleg for etablering av adressesystemet.)

SAKSUTGREIING

1. Kort orientering om adresseprosjektet

Å etablere og forvalte eit offisielt adressesystem er eit kommunalt ansvar. I ei undersøking i 1999 blei det klarlagt at manglande utbygd offisielt adressesystem var eit stort sagn og eit sterkt ønskje å få retta på. Særleg gjalt dette næringslivet i regionen og ei lang rad offentlege tenesteinstansar, ikkje minst rednings- og sikringstenestene men og mange andre. Også frå publikum var det eit klart uttalt ønskje om å få etablert offisielle adresser for eigedomane. I geodataplanen for region Nordhordland og Gulen 2000 - 2003 blei det som følgje av dette tilrådd å etablere system med offisielle adresser for heile regionen.

Med bakgrunn i denne målsettinga blei det utarbeidd ein plan for dette arbeidet i 2000. Første avklaringa var om systemet skulle byggjast ut som eitt adressesystem for heile området mellom Nordhordlandsbrua og Sognefjorden (dei 8 kommunane og den delen av Høyanger kommune som ligg på sørsida Sognefjorden), eller om området skulle delast opp i fleire adressesystem.

Tilrådinga frå redningstenestene og næringslivet var eintydig på at området burde vera eit felles systemområde. Noko som regionrådet og seinare kommunane med unntak av Høyanger slutta seg til.

Med bakgrunn i dette blei det utarbeidd ein prosjektplan for gjennomføring av oppgåva og framlegg til felles kommunale forskrifter for sjølve adressesystemet.

Prosjektplanen viser at både privat næringsliv og ei rekkje offentlege instansar vil ha stor nytte av tiltaket og tilrår derfor at finansieringa av etableringskostnadene bør skje som eit spleiselag mellom kommunane, andre offentlege verksemder som har stor nytte av tiltaket og av det private næringslivet. I dette spleiselaget skulle kommunane ta kostnadene med dei administrative oppgåvene og tilhøyrande kart og registerarbeid, mens dei andre interessentane skulle bera kostnadene til dei kommunale skiltingsarbeida og prosjektleiing, som var tilrådd lagt til regionrådet.

Kommunane slutta seg til opplegget og vedtok felles retningsliner for adressesystemet, den siste i april 2003. Retningslinene blei så kunngjort i Norsk Lovtidende avd. II.

Deretter blei det utarbeidd adresseplanar for den einskilde kommune. Desse blei så vedtekne som det går fram av vedlegg 2. Med det var grunnlaget lagt for neste oppgåve: Namnsetting av adresseparsellane (denne saka).

2. Namnearbeidet, organisering og gjennomføring

Namnearbeidet (aktivitet 7 i prosjektet) starta hausten 2003 ved at administrasjonane i kvar av dei 8 kommunane nedsette arbeidsgrupper som skulle koma med framlegg til namn på dei vedtekne adresseparsellane. Leiarane i kommunegruppene har fungert som ei felles arbeidsgruppe i førebuinga av namnsettinga av adresseparsellane.

Leiarane i kommunegruppene har vore:

Austrheim: Kjell-Tore Karlsen

Fedje: Øyvind Tolleshaug

Gulen: Øyvind Norstrøm, til 15.09.04, deretter Magne Insteffjord

Lindås: Jostein Mykletun

Masfjorden: Øyvind Tøsdal, til 15.03.04, deretter Anne Kristin Rafoss

Meland: Arnt Brakstad

Modalen: Kjell Langeland

Radøy: Robert Mjøs

Leiarane av kommunegruppene har saman med prosjektleiar Torbjørn Trageton hatt 10 møte. I desse har og sekretær Kjell Erik Steinbru ved Statens namnekonsulentteneste for Vestlandet delteke. Sluttresultatet frå denne gruppa sitt arbeid ligg no føre som tilråding i saka.

Arbeidet starta med gjennomgang av mål, regelverk og praktiske råd i arbeidet. Med dette og utgangspunkt i dei vedtekne adresseplanane arbeidde dei ulike kommunegruppene fram utkast til namn for adresseparsellane i sin kommune. For parsellar som var felles for fleire kommunar, var det kontakt mellom aktuelle grupper. Kommunegruppene skulle om råd koma med fleire alternativ til namn på parsellane. Dette blei gjort.

Prosjektleiar stilte deretter saman utkasta frå kommunegruppene. Då viste det seg, ikkje uventa, at stadnamn som ein finn i fleire av kommunane, var ynskt nytta i meir enn ein kommune. Særleg like gardsnamn og andre vel kjende stadnamn, som er i bruk i fleire kommunar, skapte i så måte utfordringar. Det same gjaldt og ein del av dei offisielle adressenamn som var i bruk. Dei var til hinder for at ein kunne bruka dei mest aktuell stadnamna for ein del av dei nye adresseparsellane. (Sjå kommentarane til tilrådinga i kap.4.3)

Etter drøfting i gruppa kom ein fram til eit første utkast til namnsetting. Ved dette måtte ein stryka mange av alternativa som låg føre frå kommunegruppene, då dei kolliderte med tilsvarande framlegg i annan kommune.

I samsvar med retningslinene § 4 nr. 7 blei utkastet sendt utrykkingsinstansane for kommentar. Likeins fekk Statens namnekonsulent utkastet til førebels kommentar.

Tilbakemeldingane frå denne høyringa medførte at gruppa justerte utkastet. Det justerte utkastet blei deretter lagt ut til offentleg høyring våren 2004, jf. vedlegg 4 og 5.

Merknadene frå den offentlege høyringa (både skriftlege og munnlege tilbakemeldingar) blei etter høyringsfristen gjennomgått av gruppa. I nokre av tilbakemeldingane er det framlegg til ei anna utforming av adressesystemet enn den som er vedteken og framlegg til namnsetting i høve til forslaga. Gruppa sitt mandat var å koma med framlegg til namn på dei vedtekne adresseparsellane. Gruppa har likevel vurdert framlegga som kom til endring av dei vedtekne adresseplanane. Der gruppa meiner at kommunane bør ta slike framlegg til følgje, gjer

gruppa framlegg om justering av dei vedtekne adresseplanane (nokre tilleggsparsellar), og framlegg til namn for desse. (Sjå kap. 3.1 og 4.3)

Nokre av merknadene uttrykker støtte til utlagt forslag eller prioriteringsønskje der det ligg føre alternative forslag til namn. Mens andre har nye framlegg til namn. Gjennomgangen av innkomne merknader medførte visse justeringar i høve til høyringsutkastet. Den justerte tilrådinga etter høyringa blei så sendt Statens namnekonsulentteneste til endeleg fråsegn. Endeleg tilråding frå namnekonsulenttenesta er gitt til den einskilde kommune og følgjer saka som utrykte vedlegg.

3. Klagereglane

- 1) Det er **ingen klagerett på kommunen sitt val av namn på adresseparsellane**. Skal eit vedteke namn endrast, må det skje ved nytt vedtak av vedtaksorganet eller det organet kommunestyret har delegert avgjerdsretten til.
- 2) I medhald av stadnamnlova § 10 har visse instansar og personar med spesiell tilknytning til eit stadnamn **klagerett på skrivemåten av valt namn**.

4. Vurdering og tilrådingar

I vedlegg 5 er lista opp dei skriflege tilbakemeldingane prosjektet har teke mot. Desse blir referert til med sitt nummer i[] i dette kapitlet.

4.1 Endringsframlegg til vedteken adresseplan

Fleire av dei som har kome med merknader til høyringsutkastet, gjer framlegg om endra utforming av sjølve adressesystemet enn dei vedtekne adresseplanane. Og dei har og framlegg til namn på parsellane i høve til sine framlegg til systemutforminga. Fleire av desse namneframlegga er i kollisjon med: a) forslag frå andre som har sendt inn merknader, b) i høve til eksisterande adressenamn i regionområdet eller c) til framlegg i høyringsutkastet til namnsetting av parsellane i det vedtekne adressesystemet. I den mon dette gjeld forslag til systemendring som ikkje blir tilrådd, er ikkje tilhøyrande namneframlegg konkret kommentert. Følgjande endringsframlegg til vedteke systemutforming er mottekne:

- 1) Hovudadresseparsellen E 39, merknad frå [4], [17] og [18] som meiner adresseparsellen er for lang. [4]: "Bør delast i fleire kortare parsellar". [17] tilrår å dele parsellen på kommunegrensa mot Masfjorden, mens [18] tilrår parsellen delt i to ved riksvegkrysset på Romarheim. Spørsmålet om vegstrekningen bør vera ein eller fleire adresseparsellar blei grundig vurdert i samband med utforming av adresseplanane for dei 4 kommunane som parsellen ligg i. Sjølv om parsellen er lang, vil det bli relativt få som vil få adresse til han. Dei vil alle få nummer etter avstandsprinsippet (nummer som fortel kor langt frå Nordhordlandsbrua adressa ligg). Trafikalt framstår parsellen som ei naturleg adresseeining. Andre uttrykkingsinstansar, som vi munnleg bad om kommentar til framlegget (AMK, brann), støv vedtaka som er gjort i kommunane.
Konklusjon Strekninga bør vera ein adresseparsell. (Som vedteke i dei 4 kommunane.)
- 6) I **Meland** sin plan er ikkje teke med tre veglause område som naturleg bør vera eigne adresseparsellar ved tildeling av adressenummer. I høyringsutkastet var teke med framlegg til namn for desse tre områda. I tillegg er under utbygging 2 regulerte område der det er aktuelt å etablere eigne adresseparsellar. Likeins tilseier planar for utbygging langs tverrvegen frå Langeland til Fosse at dette blir eigen adresseparsell.

Vi tilrår at adresseplanen til kommunen blir justert med tre områdeadresser og tre nye namneparsellar som vist i framlegget til namnsetting.

4.2 Sletting av tidlegare vedtekne adressenamn/adresseparsellar

Som ledd i utforming av adressesystemet og namnsettinga av dette, har utgangspunktet vore at ein så langt råd er, ikkje skulle gjera endring i det offisielle adressesystemet som er etablert i deler av Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Men då kommunane no blir eit samla adresseområde, må ein fjerna/endra namn som er like eller så like at det lett kan oppstå forveksling mellom dei.

Dei vedtekne adresseplanane har og som konsekvens at tidlegare vedtekne adresseparsellar som inngår direkte som del av ein ny parsell, opphøyrer som eigen adresseparsell. Der det eksisterande namnet ikkje blir vald som namn på heile adresseparsellen, må det gjerast slettingsvedtak for namnet.

Til nokre av dei vedtekne adressenamna er det ikkje tildelt adresser. Dei er heller ikkje skilta og såleis ikkje i bruk. Ved å gjera dei vedtekne retningslinen for systemutforming gjeldande også for adresseparsellar som det ikkje er tildelt adresser til, fjernar ein ein del vanskar i høve til namnsettinga av dei nye parsellane.

Konklusjon: *Følgjande vedtekne og understreka adressenamn bør bli sletta i:*

Meland: *Sjøvegen (ikkje bygd, skilta eller tildelt adresser til. Namnet er svært likt Sjøvegen og bør også av den grunn slettast.)*

4.3 Nam på adresseparsellane med kommentar

I skildringa av kvar den einskilde adresseparsellen ligg er nytta skrivemåte av stadnamna slik dei er skrivne i Sentralt stadnamnregister (SSR) så langt dei same namna er registert der. (Dette var diverre ikkje kontrollert før utlegginga. Så derfor finst det andre skriftformer for nokre av stadnamna i skildringa nedafor av kvar dei ulike adresseparsellane går.) Elles er riksveg nemnd me R og nr.. Forkortingane som er brukt i skildringa elles er slik:

x = vegkryss, Fv = fylkesveg, Kv = kommunal veg, Pv = privat veg

4.3.1 Generelle prinsipp som er lagt til grunn

Lange adresseparsellar får normalt tillegget "vegen" i namnet. Der heile adresseparsellen ligg innafor området for det stadnamnet som er brukt, er tillegget "vegen" vanlegvis sløyfa. Eksempel: Der ein adresseparsell i si heile ligg innafor eit gardsnamn, er tilrådd å velja gardsnamnet som namn på adresseparsellen, men der parsellen går over fleire gardar er det vanleg å nytta namnet på den staden der vegen endar og då med tillegget "vegen": Vegen fører til vedkomande stad.

Når det gjeld skrivemåten av eit namn, står følgjande i adresseforskrifta: "Gjeldende regler for skrivemåte for stedsnavn må følges ". Desse reglane varierer frå stad til stad og er forankra i det lokale målføret og ikkje i dei offisielle rettskrivingsreglane for norsk.

Rettskrivingsreglane for stadnamn har endra seg med visse mellomrom (tilsvarande som for rettskrivingsreglane for norsk, men ikkje samstundes med desse.). Derfor, men truleg og manglande kunnskap om reglane hos aktuell byråkrat, kan ein finna eitt og same namn i ulike offentlege kart og skilt skrivne på ulike måtar.

Dei fleste stadnamna i kart og på skilt har fått si skriftform gjennom vedtak av den som har vedtaksrett for nye namn og av byråkratar (kartredaktørar, skiltingsinstansar) for eksisterande namn.

For nokre av stadnamna er skriftforma fastlagt i eiga sak etter reglane i stadnamnlova. I SSR er desse oppførde som vedtekne namn.

Der eit stadnamn har fått si skriftform vedteke etter stadnamnlova, er kommunen pliktig til å nytta denne skriftforma der namnet blir brukt ved ny namnsetting, for eksempel som adresseparsellnamn.

I denne saka finst det nokre slike, men dei fleste stadnamna som er brukt, har ikkje fått si skriftform fastlagt i eiga namnesak etter stadnamnlova. Her har vi som hovudregel tilrådd skriftform tilrådd av ekspertisen på rettskrivingsreglane for stadnamn (Statens namnekonsulentteneste). I tilbakemeldingane frå Statens namnekonsulentar er det ofte vist til § 4 i stadnamnlova og til punkt b til § 2-3 i forskriftene. Derfor blir dei sitert her. (Frå forskriftene er teke med litt meir av § 2-3 enn berre pkt. b.):

§ 4 i **lov** om stadnamn (Reglar om skrivemåten)

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal føge gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For finske stadnamn i Nord-Noreg skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk.

Same namnet på ein og same staden skal som hovudregel ha berre ei skriftfom i kvart språk.

Når særlege grunnr talar for det, kan skriemåten av stadnamn avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp.

Forskriftene § 2-3. Reglar om skrivemåten av norske stadnamn

Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei hovudform eller sideform i den målforma som høver best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast nasjonale samleformer, regionale samleformer eller reine målføreformer når særlege grunnar talar for det.

Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter rettskrivinga med følgjande unntak og presiseringar:

a. Kjønn og tal

Grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform og bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter målføret.

b. Samansetjingsmåte

I samansette namn skal ein som hovudregel bruke den samansetjingsmåten som samsvarer med målføret.

c. Dativ

Når dativforma er eineform, bør ho brukast. Dativ fleirtal får endinga -o eller -om etter målføret.

Regelverket er f.t. til revisjon, men hovudreglane er venta å bli ført vidare.

Skulle det i ettertid bli reist namnesak for stadnamn som er brukt ved fastsetting av nedanståande adressenamn, og resultatet skulle bli ei anna skriftform enn det som no blir vedteke for adressenamnet, tilrår prosjektet at administrasjonen legg dette fram som meldingssak til vedtaksorganet i kommunen. Deretter gjennomføra administrasjonen aktuelle rettings- og meldingsarbeid.

Til slutt understrekar vi at det i stadnamnsakene ikkje er lovheimel for å ta omsyn til korleis tilhøyrande familienamn er skrivne bortsett frå der eit adressenamn er knytt til ein bestemt person og ikkje til stadnamnet som kan vera opphavet til personnamnet. Der person blir oppkalla i eit adressenamn skal namnet skrivast slik vedkomande person skreiv det, jf. det alternativt tilrådde namnet på parsell nr. 12 i Gulen.

4.3.2 Namn på E 39 frå Nordhordlandsbrua til ferjekaien på Oppedal

Høyringsutkastet tilrådte Sognevegen med alternativet Sygnavegen. Ingen har støtta det alternative framlegget. Dette er ein lang adresseparsell, men svært få vil få adresser til han. Det kom to merknader til namnevalet: [5] og [23].

[5] "protesterer på navnet Sognevegen på E 39 gjennom Nordhordland og foreslår at vegen får navnet **Nordhordlandsvegen** - som forteller beboere at de er tilstede i egen region og tilreisende at de er tilstede i reiselivsregionen Nordhordland".

[23] seier "For Gulingane vil til dømes **Bergensvegen** vere eit meir høveleg namn, truleg også for dei fleste kommunane i Nordhordland. For gulingar vil Sognevegen kanskje vere meir naturleg å bruke om vegen innover langs (nordsida) Sognefjorden? "

Til [5]. Namnet Nordhordlandsvegen er i bruk i Bergen kommune for den nye vegen frå Steinestøvegen og fram til Nordhordlandsbrua. Vegen fører til Nordhordland. Tilsvarande tilhøve har ein i Bergen for Hardangervegen, Osvegen, Sotraveien. Namnet seier kva stad vegen fører til. Det har aldri - det vi kjenner til - vore innvendingar frå oppsittarane til adressene til nemnde vegar i Bergen om valet av namn. (I same gate ligg at slottet i Oslo har adresse Drammensveien 1.)

Utvalet vurderte alternativet til [5] før høyringsutkast blei utarbeidd, men frårådte alternativet av følgjande grunnar:

- a) Kommunane har vedteke at nordenden av Nordhordlandsbrua er utgangspunktet i adressesystemet for regionen. Det ville vera uheldig med to like namn med ulikt startpunkt ved tildeling av adressenummer. Skulle namnet bli valt, måtte 8 kommunestyre bli samde om eit anna startpunkt for adresseparsellen. Med dei vegplanane som er, kan ein venteleg om nokre år få langtunnel i Bergen som hovudåre til Nordhordlandsbrua, men adresseparsellen Nordhordlandsvegen i Bergen vil framleis bestå.
- b) Vegparsellen ligg også i Gulen kommune.
- c) Ein bør bruka eit stadnamn som fortel kvar vegen fører til.
- d) Sjølv om parsellen er svært lang vil det bli svært få som får adresse til han.

Vi kan ikkje sjå at argumenta til [5] er særleg relevante i høve til val av namn for nemnde adresseparsell. Derimot vil det at regionen får utbygd eit offisielt adressesystem vera eit stort pre for reiseliv og reiselivslaget si marknadsføring av regionen

Til 23. Alternativet Bergensvegen er ikkje eit logisk val ut frå reglane i § 3 i dei lokale forskriftene for adressesystemet. Der er det vedteke at utgangspunktet for adressesystemet er nordenden av Nordhordlandsbrua.

Etter rettskrivingsreglane finst to alternative skriftformer for namnet, ei sør for Masfjorden (Sognavegen) og ei anna nord for Lindås (Sognevegen), men då den siste er vedteke som offisiell skriftform for stadnamn knytt til namnet Sogn, skal skriftforma vera Sognevegen. (e som sambindingsvokal).

4.4 Namneprosedyre etter at prosjektet si tilråding om namnsetting er ferdighandsama I framtida vil det bli behov for fastsetting av namn på nye adresseparsellar i det samla adresseområdet. Det kan og bli trong for å endra vedtekne namn. Endeleg kan det og bli trong for å gje eit vedteke adressenamn eit anna dekkingsområde.

Etter regelverket er det den kommunen som adresseparsellen ligg i, som vedtek adressenamnet og eventuell endring av adressenamnet og endring av dekkingsområdet til ein adresseparsell. Det siste (endring av dekkingsområde til ein eksisterande adresseparsell) vedkjem normalt

ikkje andre kommunar i det felles adresseområdet. Det gjer derimot all ny namnsetting av adresseparsellar i området.

Etter prosjektplanen for adresseprosjektet skal dette og koma med framlegg til korleis dei ulike aktivitetane i adresseforvaltingsarbeida skal skje etter at prosjektet er avslutta. Etter kommunelova § 27 er dette eit saksområde som kommunestyra kan delegerer til eit interkommunalt forvaltningsorgan i si heile eller for avgrensa deler av forvaltningsområdet. Tiltrådinga om dette og i tilfelle kor omfattande ei interkommunal delegering av saksområdet vil vera tenleg, blir først vurdert i slutfasen av prosjektet. I denne tilrådinga er det naturleg å få ei førebels klargjering i høve til namnsettingsarbeidet.

To alternativ er vurdert:

- 1) Kommunestyret i vedkomande kommune eller det underordna organ i kommunen som kommunestyret delegerer retten til å vedta adressenamna til, tek avgjerd i adressenamnsakene. Som ledd i saksførebuinga, skal vedkomande kommune i tillegg til dei som er nemnd i adresseforskrifta § 4 nr. 7, innhenta uttale frå dei andre 7 kommunane til kommunen sine framlegg til namn og avklara mogelege prioriteringsmotsetnader i det høve før saka blir fremja for vedtaksorganet. Og straks vedtak er gjort, skal dei 7 andre kommunane få melding om vedtaket.
- 2) Kommunestyra delegerer avgjerdsretten i adressenamnsakene til eit felles politisk adresseorgan for dei 8 kommunane.

I denne omgangen tilrår prosjektet alternativ 1. Det kan enkelt tilpassast eksisterande organisasjon.

5. FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Regionrådet Nordhordland IKS og ordførarane i Gulen og Modalen sluttar seg til tilrådingane i saka og rår til:

- 1) at kommunane sluttar seg til tilrådde endringar i vedtekne adresseplanar (kap. 4.1)
- 2) at kommunane vedtek sletting av vedtekne adressenamn tilrådd i kap. 4.2
- 3) at kommunane vedtek namna tilrådd i vedlegg 1. Der det er oppført fleire alternativ, skal kommunestyret velja det namnet det finn mest tenleg. Skulle kommunestyret ønskja eit anna namn enn tilrådd, skal saka for denne adresseparsellen sendast prosjektet for vurdering og ny tilråding
- 4) der det seinare måtte bli fastsett ei anna offisiell skriftform for namnet som er grunnlag for eit vedteke adressenamn, skal administrasjonen i vedkomande kommune følgja opp dette vedtaket med retting av adressenamnet i kart, register og skilt og med skriftleg orientering til adressehavarane og det organet i kommunen som vedtek adressenamna,
- 5) at ny namnsetting av adresseparsellar etter at prosjektet er avslutta, skjer i samsvar med alternativ nr.1 i kap. 4.4

Knarvik, den 20.05.05

Eilif Berntsen
prosjektansvarleg

Torbjørn Trageton
prosjektleder

Styret i Regionrådet Nordhordland IKS gav i møte 30.05.05 prosjektleder Torbjørn Trageton i oppdrag å laga eit notat som her vert tatt med i saksutgreiinga:

NAMNSETTING AV VEGANE I NORDHORDLAND OG GULEN

TILLEGGNOTAT TIL SAKSUTGREIINGA

VEDTAKSMYNDE, KLAGERETT OG RETTSKRIVINGSREGLAR FOR STADNAMN

Etter **delingslova** (1978) er **kommunen adressestyresmakt**. Det inneber m.a. at det er kommunen som i medhald av lova fastset adressenamna (vegnamna), og det ubunde av eigartilhøva; om det er ein privat-, kommunal-, fylkes- eller riksveg. Det same gjeld der "adresseparsellen" er eit område for eksempel ei øy eller ei hyttegrend.

I tidlegare vedtak om iverksetting av adresseprosjektet, har kommunestyret vedteke at det sjølv skal vedta adressenamna i prosjektperioden. (Ikkje delegert til underordna organ i kommunen.)

For **val av adressenamna** er det forvaltingslova og kommunen si adresseforskrift som gjeld.

Fastsetting av adressenamn er ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova. **Derfor kan det ikkje klagast på kommunen sitt val av adressenamn.**

Derimot er det i § 8 i **Stadnamnlova** (1990) gitt særskild **heimel til å klaga på skrivemåten** av det vedteke namnet. Berre lag og organisasjonar har klagerett, ikkje einskildperson bortsett frå der vedkomande sitt namn eller namn på vedkomande sin eigedom er nytta i namnsettinga. Då har personen rett til å klaga på vedteken skrivemåte. (Klage på skrivemåten av eit stadnamn blir avgjort av ei eiga klagenemnd oppnemnd av Kongen).

For **stadnamn** (adressenamn er stadnamn) gjeld **eigne rettskrivingsreglar** som på ein del punkt avvik frå **dei vanlege rettskrivingsreglane** for norsk (bokmål og nynorsk).

Hovudregelen er at den **nedervde lokale uttalen** av namnet skal leggjast til grunn for skriftforma til eit stadnamn; men likevel med visse normeringsreglar som går fram av forskriftene til lova. Alle offentlege instansar er bundne til å følgja rettskrivingsreglane i lova ved bruk og ved fastsetting av korleis eit stadnamn skal skrivast.

Lova inneheld sakshandsamingsreglar for fastsetting av offisiell skriftform for eit stadnamn, kven som har avgjerdsretten for ulike typar namn og **at der ei skriftform er for eit stadnamn er fastsett i medhald av lova** (offisielt vedteke), **er offentlege organ pliktig til å bruka denne forma der namnet blir brukt i ny namnsetting.**

"BENKEFORSLAG" PÅ NAMN PÅ ADRESSEPARSELL

Det står fritt for medlemmer i kommunestyret å gjera framlegg om namn som ikkje er tilrådd for vedkomande adresseparsell i ei namnsettingssak; men dersom kommunestyret finn forslaget betre enn det eller dei som er tilrådd, kan ikkje namnet vedtakast der og då. I § 4 i kommunen sine eigne adresseforskrifter står det at før eit namn kan bli vedteke, skal forslaget ha vore på høyring hos fleire instansar, m.a. hos utrykkingsinstansane for vurdering av forvekslingsfaren med andre eksisterande adressenamn.

Eit forslag som nemnd, medfører at kommunestyret må utsetta å gjera namnevedtak for vedkomande parsell til prosjektet har gjennomført aktuell høyring og kome med ny tilråding.

Saudalskleivane 31.05.05

Torbjørn Trageton,
prosjektleder

Det er laga namneframlegg på 64 adresseparsellar i Meland kommune. Dette er tre adresseparsellar meir enn Meland kommunestyre vedtok i sak 007/03. Parsellane 62 – 64 har kome med på grunn av trong for adresser i samband med bygging av bustader i nye område. Elles er det framlegg frå Regionrådet om å kalla E 39 frå Nordhordlandsbrua til ferjekaien på Oppedal for **Sognevegen**. I dag er det ingen bustader på Flatøy som får denne adressa og det er lite truleg at dette vert brukt som adressenamn i næraste framtid. Kjem det nye bustadområde med avkøyring frå E 39 på Flatøy, får desse områda mest truleg eigne vegnamn.

Namn på vegar i Meland kommune

Prosjektet tilrår at tidlegare vedtekne adressenamn: Sjovegen blir sletta som adressenamn og at kommunen vedtek namnsetting av adresseparsellane i samsvar med nedanståande liste. Der det er fleire alternativ, må kommunen velja det eine. Namn som er skriva med feit skrift, meiner administrasjonen bør ha 1. prioritet.

01	E39 Flatøy - vestre Flatøy	Flatøyvegen
02	E39 Flatøy - Rossland	Holsnøyvegen , Rosslandsvegen
03	E39 Flatøy - Hagelsundet	Hagelsundlia
04	Kv. Flatøy vest - Solberget	Solbergvegen , Solberget
05	Kv. Solberget - kai på austre Flatøy	Austegardsvegen
06	Kv. austre Flatøy - Hjelten	Hjeltevegen , Hjelten
07	Kv. austre Flatøy - Høgdena	Flatøyhøgdena
08	R564 Flatøy - Krossneset	Krossnesvegen , Krossneset
09	R564 Fosse - Ådland	Ådlandsvegen
10	R564 Langeland - Dale ungd.hus	Sagstadvegen
11	R564 Mjåtveit - Juvika/Mjåtveitstø	Mjåtveitmarka
12	R564 Sandskaret - Dalstø	Dalstøvegen , Dalstø
13	R564 Sandskaret - Bjørnestad	Bjørnestadvegen
14	R564 Holme - Grågåtena	Melandsvegen
15	R564 Holme - Knappen	Holmeknappvegen , Holme
16	R564 Fløksand - gamlevegen	Fløksand
17	R564 Fløksand - Tveit vegkryss	Vestbygdvegen
18	R564 Fløksand - Søre Eikeland	Beitingsvegen
19	R564 Fløksand - Sjurdal	Sjurdalsvegen
20	R564 Ryland - gamlevegen	Ryland
21	R564 Ryland Eikeland	Eikelandsvegen
22	R564 Vikebø - Skintveit	Skintveitvegen
23	R564 Vikebø - Vikebø kai	Stekkevikvegen
24	R564 Vikebø - Åsebø	Åsebøvegen
25	R564 Rossland - vegen til Åsebø	Rossland

26	R564 Rosslund - Skurtveit	Skurtveitvegen , Skurtveit
27	R564 Rosslund - Skjelanger	Skjelangervegen
28	F245 Fossesjøen - Øvre Fosse	Fosse , Fossevegen
29	F245 Litlebergen - Smineset	Sminesvegen , Smineset
30	F245 Sundet - Midtsundet	Midtsundvegen , Midtsundet
31	F245 Sundet - Drageneset	Drageneset , Dragenesvegen
32	F245 Moldekleiv - Øvre Moldekleiv	Moldekleiv , Øvre Moldekleiv
33	F245 Grasdal - Myrtveit	Myrtveitvegen
34	Kv. Håtuft - Gripen	Gripavegen
35	F245 Grasdal - Skarpeneset	Skarpenesvegen , Skarpeneset
36	F245 Espetveit - Espetveit	Hestnesvegen
37	F245 Espetveit - Furesjegget	Fureskjeggvegen
38	F245 Gaustad - Gaustad	Gaustad
39	F245 Rifsgård - Vardneset	Refskar
40	F245 Rifsgård - Kyrkjesundet	Kyrkjesundvegen
41	F245 Ådland - Riplevika	Riplevikvegen , Nordre Ådland
42	F244 Langeland - Bustølen	Bustølvegen , Langeland
43	F244 Sagstad - Øvre Sagstad	Øvre Sagstad
44	Kv. Øvre Sagstad	Indre Sagstad
45	F244 Dale ungd.hus - Dalevatnet	Øvredalsvegen , Øvre Dale
46	F247 Holme - Hopland	Hoplundsvegen
47	F247, 244 Tveit vegkryss - Røyset	Røysetvegen
48	F244 Brakstad - Dalen	Ytre Brakstad
49	F248 Ryland - Io	Ievegen
50	F248 Eikeland - Eikelandsvatnet	Djupedalsvegen
51	F248 Io - Ieneset	Grønhaugvegen , Ienesvegen
52	F249 Landsvik - Landsvikosen	Lyngnesvegen , Lyngneset
53	F249 Landsvik	Landsvik
54	F249 Kårbø - Kårbøneset	Kårbø
55	F249 Sætre vegkryss - Husebø	Husebøvegen , Husebø
56	F249 Sætre vegkryss - Sætrevik	Sætrevikvegen
57	F249 Skjelanger - Storehaugen	Paradisvegen
58	Kv. Sætrevik - Hesthaugen	Sætreviksmarka
59	Øpso (område)	Øpso
60	Havrevågen (område)	Havrevågen
61	Skjeljevikanene. (På Flatøy.) (område)	Skjeljevikanene.
62	Fv 244 Langeland	Torvvegen , Fjellvegen
63	Fv 244 Langeland - Fosse	Fosseskarvegen
64	Kv. Beitingsvegen - reg. område	Rotevikshaugen

Viser til vedlagt kart over adresseparsellar med namn. På dette kartet er namna skrivne inn etter 1. prioritet der det er meir enn eitt namneframlegg.

Vurdering:

- Namnet Sjøvegen (på Fosse) bør slettast som adressenamn fordi det lett kan forvekslast med Sjøvegen (på Moldekleiv). Sjøvegen er ikkje tatt i bruk som adressenamn.
- Tre område med ein del fritidsbustader bør og koma med i adresseplanen. Dette gjeld adresseparsellane 59, 60 og 61.

- På grunn av bustadbygging, bør adresseparsellane 62, 63 og 64 og koma med i adresseplanen.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Namnet Sjøvegen vert sletta som adressenamn.
2. Adresseparsellane 59, 60, 61, 62, 63 og 64 vert med i adresseplan for Meland kommune.
3. Namna på adresseparsellane vert slik dei er prioriterte i saksutgreiinga.
4. Før det vert gjort vedtak om namnsetting på nye adresseparsellar i Meland kommune, skal det innhentast uttale frå dei andre 7 kommunane som har vore med på adresseprosjektet i regi av Regionrådet Nordhordland IKS.

17.10.2005 KOMITE FOR KULTUR OG OPPVEKST

Repr. Jarle Vikebø (Ap) kom med slikt framlegg om endring av adresseparsellar:

02	E 39 Flatøy - Rosslund	Holsnøyvegen - endrast til Rosslandsvegen
19	R 564 Fløksand - Sjurdal	Sjurdalsvegen - endrast til Bjørndalsvegen

Ved røysting av alt. 2, Rosslandsvegen: fekk dette framlegget 3 røyster i mot, Anne Margrethe Gjertsen (H), Henning Iversen (Krf) og Inger Frønsdal (Saml).

Dei som røysta for framlegget frå Jarle Vikebø var: Haakon Aase (Saml.), Nina Olsvoll (V) og Jarle Vikebø(A)

Med leiar si dobbelrøyst vart framlegget vedteke.

Ved røysting av alt. 19, Bjørndalsvegen: fekk dette framlegget 3 røyster i mot, Henning Iversen (Krf), Inger Frønsdal (Saml) og Haakon Aase (Saml.)

Dei som røysta for framlegget frå Jarle Vikebø var: Anne Margrethe Gjertsen (H), Nina Olsvoll (V) og Jarle Vikebø(A)

Med leiar si dobbelrøyst vart framlegget vedteke.

Komiteen røysta så over punkt for punkt i framlegget frå administrasjonen:

1. Namnet Sjøvegen vert sletta som adressenamn. Samrøystes vedteke.
2. Adresseparsellane 59, 60, 61, 62, 63 og 64 vert med i adresseplan for Meland kommune. Samrøystes vedteke.
3. Namna på adresseparsellane vert slik dei er prioriterte i saksutgreiinga med endring av nr 02 og 19 slik: : Rosslandsvegen og Bjørndalsvegen. Vart vedteke med leiar si dobbelrøyst.

4. Før det vert gjort vedtak om namnsetting på nye adresseparsellar i Meland kommune, skal det innhentast uttale frå dei andre 7 kommunane som har vore med på adresseprosjektet i regi av Regionrådet Nordhordland IKS. Samrøystes vedtak.

KKO-046/05 FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Namnet Sjøvegen vert sletta som adressenamn.
2. Adresseparsellane 59, 60, 61, 62, 63 og 64 vert med i adresseplan for Meland kommune.
3. Namna på adresseparsellane vert slik dei er prioriterte i saksutgreiinga med endring av nr 02 og 19 slik: : Rosslandsvegen og Bjørndalsvegen.
4. Før det vert gjort vedtak om namnsetting på nye adresseparsellar i Meland kommune, skal det innhentast uttale frå dei andre 7 kommunane som har vore med på adresseprosjektet i regi av Regionrådet Nordhordland IKS.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Namnet Sjøvegen vert sletta som adressenamn.
2. Adresseparsellane 59, 60, 61, 62, 63 og 64 vert med i adresseplan for Meland kommune.
3. Namna på adresseparsellane vert slik dei er prioriterte i saksutgreiinga.
4. Før det vert gjort vedtak om namnsetting på nye adresseparsellar i Meland kommune, skal det innhentast uttale frå dei andre 7 kommunane som har vore med på adresseprosjektet i regi av Regionrådet Nordhordland IKS.

17.10.2005 KOMITE FOR KULTUR OG OPPVEKST

Repr. Jarle Vikebø (Ap) kom med slikt framlegg om endring av adresseparsellar:

02	E 39 Flatøy - Rossland	Holsnøyvegen - endrast til Rosslandsvegen
19	R 564 Fløksand - Sjurdal	Sjurdalsvegen - endrast til Bjørndalsvegen

Ved røysting av alt. 2, Rosslandsvegen: fekk dette framlegget 3 røyster i mot, Anne Margrethe Gjertsen (H), Henning Iversen (Krf) og Inger Frønsdal (Saml).

Dei som røysta for framlegget frå Jarle Vikebø var: Haakon Aase (Saml.), Nina Olsvoll (V) og Jarle Vikebø (A)

Med leiar si dobbelrøyst vart framlegget vedteke.

Ved røysting av alt. 19, Bjørndalsvegen: fekk dette framlegget 3 røyster i mot, Henning Iversen (Krf), Inger Frønsdal (Saml) og Haakon Aase (Saml.)

Dei som røysta for framlegget frå Jarle Vikebø var: Anne Margrethe Gjertsen (H), Nina Olsvoll (V) og Jarle Vikebø(A)

Med leiar si dobbelrøyst vart framlegget vedteke.

Komiteen røysta så over punkt for punkt i framlegget frå administrasjonen:

- 1. Namnet Sjovegen vert sletta som adressenamn. Samrøystes vedteke.**
- 2. Adresseparsellane 59, 60, 61, 62, 63 og 64 vert med i adresseplan for Meland kommune. Samrøystes vedteke.**
- 3. Namna på adresseparsellane vert slik dei er prioriterte i saksutgreiinga med endring av nr 02 og 19 slik: : Rosslandsvegen og Bjørndalsvegen. Vart vedteke med leiar si dobbelrøyst.**
- 4. Før det vert gjort vedtak om namnsetting på nye adresseparsellar i Meland kommune, skal det innhentast uttale frå dei andre 7 kommunane som har vore med på adresseprosjektet i regi av Regionrådet Nordhordland IKS. Samrøystes vedtak.**

KKO-046/05 FRAMLEGG TIL VEDTAK:

- 1. Namnet Sjovegen vert sletta som adressenamn.**
- 2. Adresseparsellane 59, 60, 61, 62, 63 og 64 vert med i adresseplan for Meland kommune.**
- 3. Namna på adresseparsellane vert slik dei er prioriterte i saksutgreiinga med endring av nr 02 og 19 slik: : Rosslandsvegen og Bjørndalsvegen.**
- 4. Før det vert gjort vedtak om namnsetting på nye adresseparsellar i Meland kommune, skal det innhentast uttale frå dei andre 7 kommunane som har vore med på adresseprosjektet i regi av Regionrådet Nordhordland IKS.**

02.11.05 KOMMUNESTYRET

Endringsframlegg til punkt 3 i KKO sitt framlegg til vedtak:

	Representant	Parti	Framlegg
01 05	Marie Morken	Sam	”Adresseparsell 1101 Flatøyvegen vert slegen saman med 1105 Austegardsvegen og får namnet Flatøyvegen. Parsellen går då frå rundkjøring ved E39 i vest, via undergang for E39 på 1104 Solbergvegen og vidare til kaien på Flatøy aust på 1105 Austegardsvegen. Veg frå krysset ved undergang ved E39 til FrankMohn Flatøy AS vert stikkveg til 1101 Flatøyvegen. Adresseparsell 1105 Austegardvegen går ut og 1104 Solbergvegen startar på søre sida av undergangen under E39.”
06	Marie Morken	Sam	”Adresseparsell 1106 Hjeltevegen vert endra til Hjelten og startar på nordre sida av overgang på E39 istandenfor på søre sida.”
08	Marie Morken	Sam	”Adresseparsell 1108 Krossnesvegen vert endra til Krossneset.”
04	Marie Morken	Sam.	”Adresseparsell 1104 Solbergvegen vert endra til Solberget.”
07	Marie Morken	Sam	”Adresseparsell 1107 Flatøyhøgdene vert endra til Høgdene.”
02 07	Henning Iversen	KrF	”Adresseparsell 02 og 07 kalles begge for Holsnøyvegen.”
02	Henning Iversen	KrF	”Dersom forslaget ”adresseparsell 02 og 27 kalles begge for Holsnøyvegen faller, foreslår vi følgande: Adresseparsel 02 kalles for Holsnøyvegen.”
02	Jarle Vikebø	AP	”Rosslandsvegen”
19	Jarle Vikebø	AP	”Bjørndalsvegen”
19	Henning Iversen	KrF	”Adresseparsell 19 kalles for Sjordalsvegen, som foreslått fra administrasjonen.”
29	Atle Håtuff	FrP	”Nr. 29: Smineset.”
29	Haakon Aase	Sam	”Parsell 29: Litlebergen – Smineset får namnet Litlebergen.”
30	Haakon Aase	Sam	”Parsell 30: Sundet – Midtsundet får namnet Midtsundet.”
31	Haakon Aase	Sam	”Parsell 31: Sundet – Drageneset får namnet Norsundet.”

33	Atle Håtuft	FrP	”Frå Grasdal – Håtuft = Håtuftvegen Frå Håtuft – Myrtveit = Myrtveitvegen
49	Jarle Vikebø	AP	”Iovegen”

Utsetjingsframlegg frå Samarbeidslista v/Haakon Aase:

”Kommunestyret ynskjer at adresseplanen i størst mogeleg grad skal etterspegla etablert lokal namneskikk og såleis så langt som råd leggja til grunn gards- og områdenamn der ikkje andre vesentlege grunnar talar imot dette.

Kommunestyret bed derfor om at det vert utarbeidd eit revidert framlegg som i større mon tek omsyn til ei slik tilnærming til namnebruken.”

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget frå Samarbeidslista fekk 3 røyster for (Sam) og fall.

Pkt 1, 2 og 4 i KKO sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Avrøysting til punkt 3 i KKO sitt framlegg:

Parsellnr. 01 og 05: Framlegg til endring frå Marie Morken, Sam, vart samrøystes vedteke.

Parsellnr. 06: Framlegg til endring frå Marie Morken, Sam, vart samrøystes vedteke.

Parsellnr. 08: Framlegg til endring frå Marie Morken, Sam, vart samrøystes vedteke.

Parsellnr. 04: Framlegg til endring frå Marie Morken, Sam, vart samrøystes vedteke.

Parsellnr. 07: Framlegg til endring frå Marie Morken, Sam, vart samrøystes vedteke.

Parsellnr. 15: Framlegg til endring frå Arnold Tveit, SP, vart samrøystes vedteke.

Parsellnr. 02 og 27: Framlegg til endring frå Henning Iversen, KrF, fekk 12 røyster for (3 H, 4 KrF, 3 Sam, 2 SP) og 15 røyster mot (3 H, 2 V, 4 FrP, 6 AP) og fall.

Parsellnr. 02: Framlegg frå Henning Iversen, KrF. Fekk 5 røyster for (4 KrF, 1 H) og fall. Framlegg til endring frå Jarle Vikebø, AP, fekk 22 røyster for (5H, 6 AP, 4 FrP, 3 Sam, 2 V, 2 SP) og er såleis vedteke.

Parsellnr. 19: Framlegg til endring frå Jarle Vikebø, AP, fekk 23 røyster for (6 H, 6 AP, 4 FrP, 3 Sam, 2 V, 2 SP), 4 mot (KrF) og er såleis vedteke. Framlegg frå Henning Iversen, KrF, fekk 4 røyster for (KrF) og fall.

Parsellnr. 29: Framlegg til endring frå Atle Håtuft, Frp, fekk 4 røyster for (FrP), 23 mot, og fall.

Framlegg til endring frå Haakon Aase, Sam, fekk 23 røyster for (6 H, 6 AP, 4 KrF, 3 Sam, 2 V, 2 SP) og er såleis vedteke.

Parsellnr. 30: Framlegg til endring frå Haakon Aase, Sam, vart samrøystes vedteke.

Parsellnr. 31: Framlegg til endring frå Haakon Aase, Sam, fekk 11 røyster for (3 AP, 5 H, 3 Sam) og fall.

Parsellnr. 33: Framlegg til endring frå Atle Håtuft, FrP, fekk 19 røyster for (6 H, 5 AP, 2 KrF, 4 FrP, 2 SP), 8 mot (1Ap, 2 KrF, 3 Sam, 2 V) og er såleis vedteke.

Parsellnr. 49: Framlegg til endring frå Jarle Vikebø, AP, fekk 26 røyster for, 1 mot (Sam) og er såleis vedteke.

KS-097/05 VEDTAK:

”1. Namnet Sjøvegen vert sletta som adressenamn.

2. Adresseparsellane 59, 60, 61, 62, 63 og 64 vert med i adresseplan for Meland kommune.

3. Kommunestyret godkjenner namnsetting på adresseparsellar for Meland kommune med desse endringane:

02	E39 Flatøy - Rossland	Rosslandsvegen
04	Kv. Flatøy vest - Solberget	Solberget
05	Kv. Solberget - kai på austre Flatøy	Flatøyvegen
06	Kv. austre Flatøy - Hjelten	Hjelten
07	Kv. austre Flatøy - Høgdena	Høgdena
08	R564 Flatøy - Krossneset	Krossneset
15	R564 Holme - Knappen	Holmeknappen
19	R564 Fløksand - Sjurdal	Bjørndalsvegen
29	F245 Litlebergen - Smineset	Litlebergen
30	F245 Sundet - Midtsundet	Midtsundet
33	F245 Grasdal – Håtuft Håtuft – Mytveit	Håtuftvegen Myrtveitvegen
49	F248 Ryland - Io	Iovegen

Endeleg namnsetjing vert då slik:

01	E39 Flatøy - vestre Flatøy	Flatøyvegen
02	E39 Flatøy - Rossland	Rosslandsvegen
03	E39 Flatøy - Hagelsundet	Hagelsundlia
04	Kv. Flatøy vest - Solberget	Solberget
05	Kv. Solberget - kai på austre Flatøy	Flatøyvegen
06	Kv. austre Flatøy - Hjelten	Hjelten
07	Kv. austre Flatøy - Høgdena	Høgdena
08	R564 Flatøy - Krossneset	Krossneset
09	R564 Fosse - Ådland	Ådlandsvegen
10	R564 Langeland - Dale ungd.hus	Sagstadvegen
11	R564 Mjåtveit - Juvika/Mjåtveitstø	Mjåtveitmarka
12	R564 Sandskaret - Dalstø	Dalstøvegen
13	R564 Sandskaret - Bjørnestad	Bjørnestadvegen
14	R564 Holme - Grågåtena	Melandsvegen
15	R564 Holme - Knappen	Holmeknappen
16	R564 Fløksand - gamlevegen	Fløksand
17	R564 Fløksand - Tveit vegkryss	Vestbygdvegen
18	R564 Fløksand - Søre Eikeland	Beitingsvegen
19	R564 Fløksand - Sjurdal	Bjørndalsvegen
20	R564 Ryland - gamlevegen	Ryland
21	R564 Ryland Eikeland	Eikelandsvegen
22	R564 Vikebø - Skintveit	Skintveitvegen
23	R564 Vikebø - Vikebø kai	Stekkevikvegen
24	R564 Vikebø - Åsebø	Åsebøvegen
25	R564 Rossland - vegen til Åsebø	Rossland
26	R564 Rossland - Skurtveit	Skurtveitvegen
27	R564 Rossland - Skjelanger	Skjelangervegen
28	F245 Fossesjøen - Øvre Fosse	Fosse
29	F245 Litlebergen - Smineset	Litlebergen
30	F245 Sundet - Midtsundet	Midtsundet
31	F245 Sundet - Drageneset	Drageneset
32	F245 Moldekleiv - Øvre Moldekleiv	Moldekleiv
33	F245 Grasdal – Håtuft Håtuft – Mytveit	Håtuftvegen Myrtveitvegen
34	Kv. Håtuft - Gripen	Gripavegen
35	F245 Grasdal - Skarpeneset	Skarpenesvegen
36	F245 Espetveit - Espetveit	Hestnesvegen
37	F245 Espetveit - Furesjegget	Fureskjeggvegen
38	F245 Gaustad - Gaustad	Gaustad
39	F245 Rifsgård - Vardneset	Refskar
40	F245 Rifsgård - Kyrkjесundet	Kyrkjесundvegen
41	F245 Ådland - Riplevika	Riplevikvegen
42	F244 Langeland - Bustølen	Bustøvegen

43	<i>F244 Sagstad - Øvre Sagstad</i>	<i>Øvre Sagstad</i>
44	<i>Kv. Øvre Sagstad</i>	<i>Indre Sagstad</i>
45	<i>F244 Dale ungd.hus - Dalevatnet</i>	<i>Øvredalsvegen</i>
46	<i>F247 Holme - Hopland</i>	<i>Hoplundsvegen</i>
47	<i>F247, 244 Tveit vegkryss - Røyset</i>	<i>Røysetvegen</i>
48	<i>F244 Brakstad - Dalen</i>	<i>Ytre Brakstad</i>
49	<i>F248 Ryland - Io</i>	<i>Iovegen</i>
50	<i>F248 Eikeland - Eikelandsvatnet</i>	<i>Djupedalsvegen</i>
51	<i>F248 Io - Ieneset</i>	<i>Grønhaugvegen</i>
52	<i>F249 Landsvik - Landsvikosen</i>	<i>Lyngnesvegen</i>
53	<i>F249 Landsvik</i>	<i>Landsvik</i>
54	<i>F249 Kårbø - Kårbøneset</i>	<i>Kårbø</i>
55	<i>F249 Sætre vegkryss - Husebø</i>	<i>Husebøvegen</i>
56	<i>F249 Sætre vegkryss - Sætrevik</i>	<i>Sætrevikvegen</i>
57	<i>F249 Skjelanger - Storehaugen</i>	<i>Paradisvegen</i>
58	<i>Kv. Sætrevik - Hesthaugen</i>	<i>Sætreviksmarka</i>
59	<i>Øpso (område)</i>	<i>Øpso</i>
60	<i>Havrevågen (område)</i>	<i>Havrevågen</i>
61	<i>Skjeljevikan. (På Flatøy.) (område)</i>	<i>Skjeljevikan.</i>
62	<i>Fv 244 Langeland</i>	<i>Torvvegen</i>
63	<i>Fv 244 Langeland - Fosse</i>	<i>Fosseskarvegen</i>
64	<i>Kv. Beitingsvegen - reg. område</i>	<i>Rotevikshaugen</i>

4. Før det vert gjort vedtak om namnsetting på nye adresseparsellar i Meland kommune, skal det innhentast uttale frå dei andre 7 kommunane som har vore med på adresseprosjektet i regi av Regionrådet Nordhordland IKS”

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

Austrheim kommune
Fedje kommune
Gulen kommune
Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester
Kommunalaavdeling for kultur og oppvekst
Konsulent Arnt S. Brakstad
Lindås kommune
Masfjorden kommune
Modalen kommune
Radøy kommune
Regionrådet Nordhordland IKS
Statens Kartverk Bergen
Statens namnekonsulentar på Vestlandet
Torbjørn Trageton

